

ÅRSMELDING 2024

FOR

MIDSUND SOKNERÅD



1. MÅL FOR VERKSEMDA

Soknerådet si oppgave er uttrykt slik i kyrkjeordninga for den norske kirke:

Soknerådet skal ha si verksemd vendt mot alt som kan gjerast for å vekke og nøre det kristne livet i kyrkjelyden, særleg at Guds Ord kan verte rikeleg forkynt, og at sakramenta vert gjeve til sjuke og døyande. Få barn og unge samla om gode formål, døypte vert gjevne dåpsopplæring. Hjelp vert gjeve der det er åndeleg og lekamleg naud.

Sokneråd for perioden 2023 – 2027 sitt:

Medlemer

Medlemer:

Per Steinar Orvik (formann)
Daniel Sjøvik (Nestformann)
Theresa Oyo Adok
Margaretha E. Røberg
Svein Edmund Misund
Margrethe Akselvoll

Vara til soknerådet:

Rolf Heggdal
Åshild Melkeraen
Ottar Håvik

Geistleg representant:

Sokneprest Heidi Kristin Fagersand (permisjon, haust)

Fungerande sokneprest Svein Audun Hatlen haust

KORT OMTALE AV VERKSEMDA

- Sakshandsaming for soknerådet
- Forordna kyrkjelege handlingar
- Diakonalt arbeid i kyrkjelyden
- Konfirmantundervisning, trusopplæring, medarbeidarfostring
- Kyrjekonsertar, og annet kyrkjelydsarbeid



2. ØKONOMI

2.1 RESSURSBRUK

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Budsjett 2025
Driftsutgifter	273 484	158 000	146 902	316 000
Driftsinntekter	274 346	147 000	130 718	316 000
Brto driftsresultat	862	-11000	-16 184	0
Nto finans	10 555	11 000	11 728	0
Nto driftsresultat	11 417	0	-4 457	0
Sum bruk fond	-	0	7 881	0
Regnskapsm. overskudd	11 417	0	3 424	0

2.2 KOMMENTAR TIL RESSURSBRUK

Midsund Sokneråd hadde eit samla mindreforbruk på kr 3.424 i forhold til driftsbudsjettet. Inntektene som soknerådet har er takkoffer til eiga arbeid (kr 43.661) og gjevartenesta (kr 11.600,-).

Utgiftene til konfirmantarbeidet var på kr 18.522 og inntektene kr 1.000, netto utgifter kr 17.522 i 2024.

Utgifter til innkjøp av 4-års bøker, 6-års bøker, barnesalmebøker, biblar og anna materiell til utdeling og undervisning kom på kr 12.560,-.

2.4 SOKNERÅDET SINE TOTALE MIDLAR PLASSERT PÅ DISPONIBLE OG BUNDNE FOND PR 31.12.:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bundne driftsfond	155 557	121 628	121 628	129 509	129 509	121 628
Ubundne driftsfond	487 423	285 286	296 065	296 258	327 495	338 912

2.4 KONKLUSJON FOR REKNESKAPEN 2024

Trusopplæring har et mindre forbruk på kr 1.440 og konfirmantarbeidet viser et mindreforbruk på kr 7478,- i forhold til budsjett. Det ble innsamlet kr 9.587,- til misjonsavtalen vi har med Normisjon, arbeid i Mali og Senegal. Bundne driftsfond til barnegospel og fornying av barnekrok blei brukt i 2024 på totalt kr 7.881,-



Disposisjonsfondet er ved utgangen av året på kr 338.912,- og bundne fond er på kr 121.628,-. Det bundne driftsfondet er avsetningar til trusopplæring i Midsund.

Offer til eigen verksemd er i 2024 på kr 43.661,- det er ei auke frå 2023 då det blei samla inn kr 37.894,- til eigen verksemd. Rekneskapen for 2024 har stort sett gått som budsjett.

3. GJENNOMFØRT I 2024

3.1 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

Det er stabile besøkstal til gudstenestene. Etter sommaren har det vore færre forordna gudstenester.

Det var ei vigslе i soknet i løpet av 2024 og det ble døypt 11 born. Det er små årskull, så det vil variere frå år til år.

Takkoffer, innsaml. og gaver	2020	2021	2022	2023	2024
Offer til andre	40 029	45 077	58 416	41 942	51 430
Til eiga verksemd	44 830	21 078	51 030	37 894	43 661
Fasteaksjon	12 685	9 129	24 312	34 263	39 880
Gåveinnt./gjevarten.	29 550	32 320	35 620	19 000	11 600

Det kom inn kr 9.587,- til arbeidet i Mali og Senegal som vi har misjonsavtalen med gjennom Normisjon. Det var ein auking frå året før.

3.2 VEDTAK GJORT I SOKNERÅDET/FELLESRÅDET

Det vart halde 8 soknerådsmøter i 2024 der 21 saker vart behandla, mellom anna:

- Val av ny leiar og nestleiar
- Godkjenning av rekneskap og budsjett for Midsund sokn
- Gudstenesteplan haust 2024 og våren 2025
- Bispevisitas
- Høyringar
- Dugnad
- 50 års jubileum Nord-Heggdal

3.3 ADMINISTRASJON OG PERSONAL

Stillingar:	Sokneprest (Permisjon, haust)	Heidi Kristin Fagersand
	Fung. sokneprest	Svein Audun Hatlen
	Kyrkjetenar	Kristi Jensen
	Klokkar	Per Steinar Orvik
	Kyrkjelydspedagog	Kari Mette Bull Sylte
	Administrasjonsleiar	Svein Hartvig Pettersson

Arrangement i kyrkjelyden i 2024

Mellom anna har vi arrangert følgjande arrangement i 2024:

- Bispevisitas
- Konfirmantfest på bedehuset for konfirmantane og deira føresette, og aktivitetsdag
- Supersøndag, Tårnagent, Minikonfirmant osv.
- Utegudsteneste
- Sorgseminar
- 50 års jubileum Nord-Heggdal kapell

3.4. KYRKJEBYGGA

Otrøy kyrkje

Det ble montert nytt flaumlys rundt kyrkja i 2024. Elles har det ikkje vore større oppgraderingar på Otrøy kyrkje i året som gjekk.

Nord-Heggdal kapell

I 2024 blei gjerde og vestveggen beisa på dugnad. Det planleggast ny beisedugnad våren 2025 for å beise Austveggen. Elles ingen andre oppdateringar

Søre-Midøy kapell

Kapellet vert eigd av Midøy velforeining.



3.5 KYRKJEGARDANE

Det er ingen større oppgraderingar på kyrkjegardane i 2024.

3.6 KYRKJELYDSARBEIDET/DET FRIVILLIGE ARBEIDET

Midsund Sokneråd vil nytte høvet til å takke og gje honnør til alle leiarar og medhjelparar i barne- og ungdomsarbeidet, alle dei som sit i dei ymse utvala og til de som stiller opp som kyrkjevertar, kakebakarar og til det som er med på kjøkkenteneste. Dei gjer eit viktig frivillig arbeid i kyrkjelyden. Fleire har vært med i mange år i dette arbeidet, noko det verkeleg står respekt av.

Trusopplæringsarbeidet

Tiltak	Alder	Antall samlinger	Prosentvis deltaking
Dåpssamtaler	Alle	11	110 %
Gudsteneste med dåp	Alle	9	90 %
Småbarnstreff	0-3	4	11 %
Super søndag! 4 åringar	4	1	100 %
Skaparverket	5	1	21 %
Super søndag! 6 åringar	6	1	75 %
Tårnagent	8	2	64 %
Super søndag! 9 åringar	9	1	67 %
Tidslinja	10	1	52 %
Minikonfirmentar	11	2	67 %
Lys vaken, februar	12	1	89 %
Lys vaken, desember	12	1	6 %
Aktivitetsdag, konf	15	1	74 %
Konfirmasjon	15	2	89 %
Konfirmentar, haust	15	8	100 %

Aktivitetar har i år i stor grad blitt gjennomført slik ein har planlagt. Dette året gjennomførte vi Lys vaken for to kull, da vi trur at ungar på 11 år er ei god alder for dette opplegget. Småbarnstreff blei gjennomført på våren. Det har vore mye god aktivitet og vi opplever at det er godt oppmøte på arrangementa. Mellom anna har «Super søndag!» har ført til særleg godt oppmøte.

Konfirmentane.

På hausten 2023 starta eit nytt kull på 24 ungdomar. Sokneprest Heidi Kristin Fagersand fortsette med konfirmenttimane som ein del av gudstenesta slik det vart gjort med dei føregåande konfirmentkulla. Det vart òg sett opp 4 konfirmentgrupper med 5 - 6 i kvar gruppe. Under fasteaksjonen stilte konfirmentane opp som bøsseberarar. Hausten 2024 starta eit nytt kull konfirmentar opp 21 påmeldte. Dette kullet blir følgt opp av kyrkjelydspedagog Kari Mette Bull Sylte og fungerande sokneprest Svein Audun Hatlen.

Alle konfirmentane deltok i arrangementet. Aktivitetane denne dagen var blant annet bibelkonkurranse, baking, luftgevær skyting og knuteteknikk.

Bispevisitas

I mars 2024 blei det gjennomført tredagars bispevisitas i Midsund sokn. Programmet gjekk som planlagt med besøk på Montessori skolen, Midsund skole, besøk på omsorgssenteret og bedriftsbesøk på Make. Det blei gjennomført samtalar med kommuneleiinga og samtaler med konfirmentar og sokneråd. Frivilligfest ble gjennomført på Nord-Heggdal grendehus med rundt 50 personar til stades. Søndag 10 mars var det gudsteneste i Otroy kyrkje med kyrkjekaffe og visitasforedrag på Betania bedehus.

Utvala i soknet

Diakoniutvalet

Her sitt representantar frå soknerådet, frivillige og soknepresten. Utvalets arbeidsoppgåver er fordelt på to linjer. Dei sørger for bevertning, servering ved kyrkjekaffi og tilsvarande. Det blei arrangert sorgseminar på Midsund skole i regi av soknet i 2024 med god oppslutning. Den andre linja er den som soknepresten tar seg av. Soknepresten har andaktar på omsorgssenteret, besøk hos sjuke og døyande i tillegg til samtaler med enkeltpersonar. Det er gjort avtale med Molde kulturskole om å bruke Åshild Melkeraaen som pianist ved andaktene på Omsorgssenteret. Hun og soknepresten fekk halde 20 andaktar på Midsund Omsorgssenter i 2024. I diakoniutvalet for perioden 2023 – 2027 sitt: Margrethe Akselvoll, Daniel Sjøvik, sokneprest Heidi Kristin Fagersand (permisjon) og Svein Audun Hatlen fungerande sokneprest.

Misjonsutvalet

Misjonsutvalget har fokus på misjonsarbeidet i kyrkjelyden og kyrkjelydens internasjonale engasjement i samarbeid med Normisjon. De samarbeider med organisasjonane for å gjennomføre møter med fokus på misjonslanda. Det er fleire ofringar i året som går til prosjekta. Det har i år blitt gjennomført fleire møter i Nord-Heggdal kapell i samarbeid med NMS og Normisjon. I tillegg til fokus på misjon, har det vore mykje song og matfellesskap.

Utvalet har for tida to medlemmer. I denne perioden 2023 – 2027 sitt: Liv Johanne Opstad, Per Steinar Orvik

Trusopplæringsutvalet

Utvalet har ansvar for barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden blant barn og unge frå 0 – 18 år, med bl.a. utdeling av bøker. Medlemmane deltek i utforminga av ny plan, samt bidrar aktivt som frivillige for å gjennomføre tiltaka. Utvalet har fire medlemmer.

I trusopplæringsutvalet for perioden 2023 – 2027 sitt: Margaretha Røberg, Theresa Oyo Adok, Inger Marie Sjøvik, Aslaug Jensen og Kari Mette Bull Sylte.

Gudstenesteutvalet

Soknerådet vil sjølv vere gudstenesteutval for perioden 2023 – 2027.

Midsundingen komité

Midsund sokn har eit godt samarbeid med avisa Midsundingen og det er oppretta ein komité som sender inn aktuelle artiklar til kvar utgiving av avisa. I komiteen sit Kristi Jensen, Liv Johanne Opstad, Margaretha Røberg, Kari Mette Bull Sylte og Svein Audun Hatlen (vikar haust 2024).

Anna arbeid i soknet

Ving

Ving er eit tilbod til unge i alderen 8 – 13 år. Dei samlast på bedehuset anna kvar onsdag, der dei har forskjellige aktivitetar.

Fredagskafé

Fredagskafeen er et populært treffpunkt for ungdom i Midsund på bedehuset. Aldersgruppen er fra 6 til 10 klasse.

Speidarane

Speidargruppa i Midsund er oppdelt i tre nivå, Oppdagarar (7-8 år), Stifinnarar (9-10 år), Blå vandrarar (11-12 år) og Grøne vandrarar (Frå 13). Dei har fokus på etisk engasjement – korleis hjelpe andre. Dei fleste av samlingane går føre i friluft. Dei lærer gjennom formingsarbeid, leik og dugleikstrening.

Søndagsskulen.

Solstrålen søndagsskule held til på Betania bedehus og har normalt møte ein gong i månaden.

Betania bedehus

Har faste onsdagsmøter der misjonsorganisasjonar deltek. Faste bønemøter kvar måndag.

Soknerådet sitt medlem i:

Bedehusstyret: Margaretha Røberg

Bibelkontakt: Per Steinar Orvik.

Kirkens SOS-kontakt: Svein Edmund Misund

Kirkens Nødhjelp kontakt: Per Steinar Orvik

Å vere kyrkje.
Det lyser frå eit bål
det varmar frå ein eld,
nokon har nørt opp.
Vil dele lys og varme
så slitne, frosne og utstøyte
kan kjenne fellesskap,
få livsmot og næring
på vandringa.

LJO febr 2018



Kirkebyggdatabasen Foto: Torild Granhaug